



NVE

Postboks 5091, Majorstuen

0301 Oslo

Epost: nve@nve.no

NVE ref.nr : 202317079
Sakshandsamar: Håvard Nordvik
Vår ref: : 1780599

21.03.2025

Høyringsfråsegn – sak nr. 202317079

Vi viser til høyringsbrev datert 29. januar 2025 om melding av nettilknytning av Equinor sitt offshore-anlegg til 132 kV-nettet under Ålfoten Transformatorstasjon. SFE er største kraftprodusent under Ålfoten stasjon og har gjort ei vurdering av denne meldinga. Vi meddeler med dette våre kommentarer og innspel til høyringa.

I meldinga frå Equinor framgår det at nettilknytting av Tampen offshore-anlegg med inntil 180 MW uttak vert planlagt med følgande prioriterte løysingar:

1. Hovudalternativ for nettilknytning i Ålfoten TS (420/132 kV), med landtak ved Bortnen og 9km luftleidning til Ålfoten.
2. Alternative nettilknytingsløysningar til Ålfoten TS med luftleidning til landtak ved Merkingneset/Djupvika, anten som
 - a. Ei ny parallell luftleidning langs eksisterande 132 kV nett via Svelgen og Hennøy TS
 - b. Eller med tilknytning til eksisterande 132 kV nett i Hennøy TS.

Ettersom forsyninga til Tampen er planlagt som ei HVAC forsyning med 60 Hz og eige spenningsnivå, er det behov for ein landstasjon for frekvensomforming, kompenseringsanlegg og spenningstransformering i tilknytingspunkt til eksisterande regionalnett/sentralnett. Ved alternativ tilknytning i Hennøy TS (alternativ 2b) er denne stasjonen plassert 900 m frå Hennøy TS ved Sætrefjellet, medan ved dei to andre alternativa (1 og 2a) er landstasjonen plassert ved Ålfoten TS.

SFE Produksjon AS eig ei rekkje vasskraftverk med innmating i 132 kV-nettet under Ålfoten TS, både direkte og gjennom dei heil- og deleigde selskapa Firdakraft AS og Svelgen Kraft AS. SFE Produksjon er vidare deleigar i Renantis Norway AS (Hennøy Vindkraftverk).

SFE Produksjon AS ber om at nettilknytning av Tampen vert gjort i høve til alternativ 2b, med tilknytning på 132kV avgang i Hennøy TS.

Ei nettilknytning av Tampen til Hennøy TS vil legge til rette for ei god samfunnsøkonomisk utnytting av eksisterande 132 kV-nett mellom Hennøy og Svelgen. I tillegg vil denne løysinga bidra til ei samfunnsøkonomisk og berekraftig utnytting av eksisterande 132kV-nett mellom Svelgen og Ålfoten med minst mogleg nye naturinngrep. Dette samanlikna med dei to alternative nettilknytingsløysingane (1 og 2a) med direkte tilknytning i Ålfoten TS og tilhøyrande behov for bygging av nytt høgspenningsnett.

Dersom nettilknytning av Tampen utløyser behov for auka transformeringskapasitet frå 420 kV, bør dette skje gjennom å utvide kapasiteten i Ålfoten TS med ein tredje transformator frå 420 kV til 132 kV. Dette vil vidareutvikle kraftsystemet som heilskap, og mogleggjere tilknytning av både ny produksjon og nytt forbruk. Det er lite samfunnsmessig rasjonelt at enkeltaktørar får bygge parallelle nettanlegg framfor å bidra i forsterking av kraftsystemet.

Vi stiller samtidig spørsmål ved om alternativ 1 og 2a er i tråd med NEM-forskrifta og Energilova sin formålsparagraf. Desse to alternativa inneber at ein ny anleggskonsesjonær etablerer nytt høgspenningsnett i eit område der det allereie finst tilgjengeleg 132 kV nett for nettilknytning. Spesielt oppfattar vi bygging av parallelt høgspenningsnett langs dagens regionalnett fram til Ålfoten ikkje å vere ei samfunnsmessig rasjonell tilknytingsløysing.

Ved samanlikning av dei alternative tilknytingsløysingane synes alternativ 2b med 132kV tilknytning til Hennøy TS å vere både den mest samfunnsøkonomiske og rasjonelle løysinga med minst mogleg naturinngrep. Som den største kraftprodusenten under Ålfoten TS gjennom heil- og deleigde kraftverk oppmodar vi med dette om at Tampen offshore-anlegg bør tilknyttast eksisterande 132 kV nett i Hennøy TS.

Vi håpar disse kommentarane vert teke omsyn til i NVE si handsaming av saka.

Venleg helsing
SFE Produksjon AS



Bjarte Lofnes Hauge
Avdelingssjef kraftverk